



Kap 1 Innleiande fastsettingar

§ 1-1 Organisasjon og virkeområde

Namnet til klubben er Kvam Hundeklubb, og vert forkorta til KHK. Klubben er sjølvstendig rettssubjekt og er å rekna som eiga juridisk eining. Klubben er medlemsklubb i Norsk Kennel Klub (NKK), og klubben pliktar å overhalda NKK sine lover og fastsettingar, med mindre særskild dispensasjon er gjeve av NKK sitt hovudstyre. Klubben pliktar også å veta lover som pålegg eigne medlemer å følgja NKK sine lover og ikkje handla i strid mot desse.

Klubben er lokal hundeklubb og har sitt virkeområde i Kvam herad.

Klubben har verneting i Norheimsund, Kvam herad.

§ 1-2 Føremål

KHK har som føremål å ivareta hundens og hundehaldets interesser i Norge, samt bidra til å fremja positive aktivitetar med hund. KHK skal også arbeida for etisk og praktisk rett behandling av hundar.

§ 1-3 Definisjonar

Klubben sine organ er:

- Årsmøtet
- Ekstraordinært årsmøte
- Styret
- Valnemnd

Kap 2 Medlemskap og krav til dette

§ 2-1 Medlemskap

Styret kan nekta medlemskap ovanfor ein person som ein meiner kan koma til å skada klubben og/eller hundesaka. Ingen har krav på medlemskap i klubben. Ein person som er nekta medlemskap kan anka avslaget til NKK sitt Appellutvalg.

§ 2-2 Medlemkontingent

Alle einskilde medlemer skal betala ein grunnkontingent til NKK i høve det beløpet som er fastsatt av NKK sitt Representantskap, samt klubbkontingent, fastsatt av klubben sitt årsmøte.

Eit medlem har ingen rettar før full kontingent er betalt.

§ 2-3 Medlemsplikter

Medlemene pliktar å støtta KHK og NKK sitt virke samt følgja KHK og NKK sine lover og fastsettingar. Medlemene pliktar å setja seg inn i gjeldande reglar for aktivitetar og område der dei deltek, slik dei er offentleggjorde av NKK eller klubben i høve klubbinternt regelverk.

§ 2-4 Opphør av medlemskap

Medlemskap i klubben er avslutta ved:

- a) Utmelding
- b) Stryking vedteke av klubben sitt styre på grunn av manglande kontingentbetaling og/eller anna ikkje oppgjord gjeld til klubben
- c) Stryking på grunn av manglande betaling av grunnkontingent til NKK
- d) Vedtak om eksklusjon etter NKK sine lover Kap. 7

§ 2-5 Disiplinære reaksjonar

NKK sine lover Kap.7 Disiplinærreaksjoner m.m gjeld i si heilheit

Kap 3 Organisasjon

§ 3-1 Øvste mynde

Klubben sitt øvste mynde er årsmøtet som skal haldast kvart år innan 31. mars

Årsmøtet fattar sine vedtak med alminneleg fleirtal av frammøtte stemmer med unntak av lovvedtak (som krev 2/3 fleirtal) samt avgjerd om opphør av klubben (som krev $\frac{3}{4}$ fleirtal).

Dersom det er stemmelikskap er forslaget forkasta.

Eit vedtak trer i kraft med det same, med mindre noko anna er bestemt i sjølve vedtaket.

Ein kan alltid krevja skriftleg avstemming.

§ 3-2 Møte og stemmerett

Alle medlemer i klubben som har betalt kontingent for det året som årsmøtet vert halde har møterett og stemmerett på årsmøtet. Som medlem reknar ein berre person med gyldig medlemskap.

Alle medlemer over 15 år har fulle medlemsrettar og er kan veljast til verv i klubben.

Ein kan berre stemma ved personleg frammøte.

På årsmøtet til klubben kan NKK møta med inntil 2 representantar som har talerett, men ikkje stemmerett.

§ 3-3 Innkalling

Dato for årsmøtet skal leggjast ut på klubben si heimeside minst 8 veker før årsmøtet.

Styret skal kalla inn til ordinært årsmøte med ein frist på minst 3 veker. Innkallinga skal verta sendt til medlemene direkte, anten pr post, e-post eller i adressert medlemsblad.

Følgjande dokument skal følgja innkallinga:

- Dagsorden
- Årsmelding
- Rekneskap med revisormelding
- Forslag til kandidatar til vala. Forslag til kandidatar må vera valkomiteen i hende/poststempla seinast 5 veker før møtedato.
- Forslag til saker som medlemene eller styret ynskjer å få handsama. Forslag frå medlemene må vera styret i hende/poststempla seinast 5 veker før møtedato.

§ 3-4 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet sine oppgåver er å:

- a) Godkjenna eller nekta stemmerett for medlemer, innkallinga og dagsorden, samt gje observatørar rett til å vera til stades.
- b) Bestemma møteleiar, referent, teljekorps og 2 representantar til å underteikna protokollen frå møtet.
- c) Handsama årsmeldinga.
- d) Godkjenna rekneskap med revisormelding.
- e) Handsama og fatta vedtak i alle saker som er ført opp på innkallinga sin dagsorden. På dagsorden skal det, i tillegg til alle forslag som er fremja i rett tid, alltid stå handsaming av kontingen. Benkeforslag er ikkje tillatne.
- f) Vedta instruks for organ som er oppnemnde av årsmøtet.
- g) Velja:
 - ✓ Leiar for 2 år
 - ✓ Nestleiar for 2 år
 - ✓ 3 styremedlemer for 2 år
 - ✓ 1 vara medlem for 1 år
 - ✓ Revisor med vara revisor for 2 år
 - ✓ Valnemnd med leiar og medlem for 2 år og vara medlem for 1 år

Ved behov bør det ved val verta sett ei funksjonstid som sikrar kontinuitet i styret.

Personar som er dømt for dyremishandling etter «Lov om dyrevelferd» kan ikkje veljast eller verta oppnemnde til tillitsverv i klubben.

Berre saker som er oppførde på dagsorden kan leggjast fram under årsmøtet, benkeforslag er ikkje tillatne.

Endringsforslag til saker kan verta framlagde under årsmøtet, men ikkje ved val.

§ 3-5 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom årsmøtet, styret eller minst 10 % av medlemene krev det.

Møtet vert innkalla med minst 14 dagar varsel saman med saksliste over dei ekstraordinære saker som skal handsamast. Berre dei sakene eller forslaga som er på sakslista skal handsamast.

Endringsforslag til saker på dagsorden kan fremjast under årsmøtet, men ikkje ved val. Benkeforslag er ikkje tillatne.

Utover dette gjeld reglar for ordinært årsmøte så langt dei høver.

Kap 4 Styret m.v

§ 4-1 Styret

Styret er det øvste mynde til klubben mellom årsmøta.

§ 4-2 Vedtak og representasjon

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av styremedlemene er til stades.

Styret vert kalla saman når eitt av styremedlemene krev det. Det skal førast protokoll over styremøta og dei skal vera tilgjengelege for medlemene og NKK.

§ 4-3 Styret sine oppgåver er å

- ✓ Leia klubben mellom årsmøta
- ✓ Halda årsmøte
- ✓ Driva klubben i samsvar med klubben sine formål
- ✓ Gjennomføra vedtak som er vedtekne av årsmøtet
- ✓ Nemna opp komitear og representantar for klubben, og utarbeida retningslinjer for særkomitear
- ✓ Søkja å koordinera aktivitetane til klubben med andre klubbar via den lokale NKK-regionen
- ✓ Velja / nemna opp sekretær og kasserar innan- eller utanfor styret
- ✓ Nemna opp representant til NKK-regionen

Kap 5 Årsmøtevalde verv/nemnder

§ 5-1 Valnemnd

Valkomiteen er sett saman av leiar og eitt medlem, samt vara medlem. Leiar har ansvar for nemnda sitt arbeid. Valnemnda tek i mot og skal sjølv fremja forslag på kandidatar til alle verva som skal fyllast.

§ 5-2 Revisor

Årsmøtet vel revisor og vara revisor. Revisor reviderer rekneskapa og skriv melding til årsmøtet.

Både revisor og vara revisor bør vera personar med kunnskap og røynsle i føring av rekneskap.

Kap 6 Diverse reglar

§ 6-1 Lovendringar

Lovendringar kan berre skje på ordinært årsmøte og må verta vedtekne med minst 2/3 fleirtal. Lovene og endringar av desse må sendast til NKK sitt hovudstyre for godkjenning, men vert i verksett på det tidspunkt som er bestemt i lovvedtaket, eller med det same dersom ikkje noko er bestemt.

§ 6-2 Tolking av lovene

NKK si lovnemnd kan ikkje tolka desse lovene med unntak av dei deler som er obligatoriske som følgje av medlemskap i NKK jmf Norsk Kennel Klub sine lover § 6-1

§ 6-3 Opplysing

For å løysa opp klubben krev ein minst $\frac{3}{4}$ fleirtal på ordinært årsmøte. Vedtaket må verta stadfesta på ekstraordinært årsmøte med minst $\frac{3}{4}$ fleirtal. Berre etter vedtak andre gong trer vedtaket om opplysing i kraft.

Ved opplysing skal klubben sine midlar overførast til eit formål som vert bestemt av årsmøtet. Dersom årsmøtet ikkje bestemmer noko spesielt vert midlane overførte til NKK.